

# VESTBYGD SKULE

SKULEÅRET 20/21

INFORMASJON TIL HEIMANE

---



# INNHALD

**2 - KORT OM SKULEN OG PERSONALET**

**3 - SMITTEVERN COVID-19**

**4 - DAGSRYTME**

**5 - SKULERUTE**

**6 - MELDING TIL SKULEN**

**7 - UTVIKLINGSOMRÅDE**

**8 - TRYGT OG GODT SKULEMILJØ**

**9 - TRIVSELSLEIAR**

**10 - TRIVSELSREGLAR**

**11 - FORVENTNINGAR ELEV-HEIM-SKULE**

**12 - HELSESJUKEPLEIAR**

**13 - BARNEVERNSTENESTA**

**14 - NÅR BARNET SINE FORELDRE IKKJE BUR SAMAN**

**15 - SYMJING**

**15 - SKULEMJØLK OG SKULEFRUKT**

**16 - SKULESKYSS**

**17 - RÅD OG ORGAN VED SKULEN**





## KORT OM SKULEN

- Vestbygd skule har dette skuleåret 182 elevar
- Elevane er fordelt på 11 klassar
- Språkdeling på 5 trinn
- 23 Lærarar
- 12 Pedagogiske medarbeidarar
- Ca 53 born påmeldt SFO

## - PERSONALET -

### ADMINISTRASJON

Monica Vabø Reigstad – rektor

- monica.reigstad@meland.kommune.no

Linda Frostad – inspektør

- linda.frostad@meland.kommune.no

Sissel Fløysand – konsulent

- sissel.floysand@alver.kommune.no

### PEDAGOGAR

### KONTAKTLÆRAR

André Eidsnes ——— 5

Ann-Mari Spjeld ——— 7B

Asle Jermund Ones

Astrid Rongevær

Birte Aarvik Fjelltveit — 3

Elisabeth G. Hansen

Gerd Marit O. Øvretveit

Harald O. Øvretveit — 6A

Harald Thorstensen — 4A

Hilde Håvik

Jannicke Falke

Jannicke Sandvik ——— 2B

Julie Odland Skare

Maria Børslid Krossnes — 1

Peggy Vargnes ——— 4B

Solveig M. Hagen ——— 2A

Solvor Osland Lilleberg

Stina Sherrock ——— 7A

Susanne Knudsen

Svanhild Sæverås ——— 6B

Thea Hernes Askeland

Torill Skarsvåg

Øystein Brattlid

### SFO-LEIAR

Audhild Knarvik -audhild.knarvik@meland.kommune.no

### PEDAGOGISKE MEDARBEIDARAR

Ann Kristin Hannisdal

Bente Skjelanger

Camilla Raa

Cecilie Kårbø

Grethe Marit Kjeilen

Ina Miriam Ekse

Linda Breivik

May Britt Husa

Rigmor Å. Skurtveit

Silje Knarvik Landsvik


Silje Marie Erstad

Tone Jordal



TELEFON TIL SKULEN: 56174280

# SMITTEVERN VED COVID-19



## DEI 3 GRUNNPILARANE

- Ingen sjuke skal møte på skulen
- God hygiene og forsterka reinhald
- Kontaktreduserande tiltak

## NÅR BARN HAR LUFTVEGSINFESJON

Barn i barneskulealder eller yngre vert sjeldnare sjuke av det nye koronaviruset. Om dei blir sjuke, har dei ofte eit lett sjukdomsforløp. Symptoma er ofte milde og kortvarige og kan være vanskelege å skilje frå andre luftvegsinfeksjonar.

Luftvegsinfeksjonar er til dømes hoste, sår hals, tett/rennande nase. Om barn får nyoppståtte symptom på luftvegsinfeksjon, bør barnet vere heime, særleg om det har fleire symptom samtidig eller har nedsett allmenntilstand.

Det er unntak for barn i barneskulealder som berre har rennande nase og elles er i god allmenntilstand. Dei treng ikkje halde seg heime.

Dei minste barna vil ofte ikkje klage over vond hals eller kroppssverk, men ein kan gjerne merke at barnet er i ferd med å bli sjuk ved at det sutrar meir enn vanleg, ikkje vil ete, i tillegg til at dei til dømes har rennande nase eller hoste. Føresette må derfor vere ekstra merksame når barnet ikkje er heilt i form og i tillegg har symptom i luftvegane, og holde det heime.

## EIN LITT ANNLEIS SKULESTART HAUSTEN 2020

Retningslinjer i samband med situasjon med koronasmitte

- Kvar klasse er ein kohort. Bortimot normal situasjon i det enkelte klasserom
- To kohortar kan samarbeide, fortrinnsvis ute
- Skuleområdet er delt inn i soner for å halde avstand mellom kohortane. Kvar kohort har sitt eige uteområde
- Elevane får gå rett i klasserommet når dei kjem til skulen
- Kroppsøving skjer førebels utandørs.

## NÅR KAN BARN KOME TILBAKE TIL SKULEN?

Barn som er symptomfrie, kan komme tilbake på skulen.

Ved feber og hoste bør ein teste barnet for Covid-19. Ved berre lette luftvegssymptom utan feber, kan ein sjå an tilstanden heime i eit par dagar. Ved ingen betring, tilrår ein testing av barnet. Ved rask betring, kan barnet gå tilbake på skulen etter test.

Barn som har god allmenntilstand etter gjennomgått luftvegsinfeksjon, kan komme tilbake på skulen. Det vil seie at det er allmenntilstanden som avgjer når barn kan komme tilbake på skulen. Dette gjeld uansett om barnet har noko restsymptom som rennande nase eller sporadisk hoste.

Så lenge symptom kan bli knytt til ein gjennomgått infeksjon og ikkje er nyoppstått eller aukande, kan barnet komme tilbake på skulen når allmenntilstanden er god eller tilbake til normalt.



# DAGSRYTME

	MÅNDAG		TYS DAG		ONSDAG		TORSDAG		FREDAG	
	1.-4. trinn	5.-7. trinn	1.-4. trinn	5.-7. trinn	1.-4. trinn	5.-7. trinn	1.-4. trinn	5.-7. trinn	1.-4. trinn	5.-7. trinn
08:30 09:45	1. time – 75 minutt									
09:45 10:00	FRIMINUTT									
10:00 11:00	2. time – 60 minutt									
11:00 11:20	Matøkt									
11:20 11:45	Friminutt									
11:45 12:45	3. time - 60 minutt									
12:45 13:00		Friminutt					Fri-minutt		Fri-minutt	
13:00 14:15		4. time 75	4. time 75	4. time 75	Fysfos 15min 4. time 60		Fysfos 15min 4. time 60		Fysfos 15min 4. time 60	



# SKULERUTE



## Ferie og fridagar for barnehagar og skular 2020-2021 Alver kommune

Elevfrie dager i grunnskolen

Barnehagens og SFO planleggingsdagar  
(Barnehagene og SFO stengt)



august 2020							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
31						1	2
32	3	4	5	6	7	8	9
33	10	11	12	13	14	15	16
34	17	18	19	20	21	22	23
35	24	25	26	27	28	29	30
36	31						

september 2020							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
36		1	2	3	4	5	6
37	7	8	9	10	11	12	13
38	14	15	16	17	18	19	20
39	21	22	23	24	25	26	27
40	28	29	30				

august	11
september	22
oktober	17
november	20
desember	14
januar	20
februar	19
mars	15
april	19
mai	17
juni	16
<b>SUM</b>	<b>190</b>

SFO-start mandag 3. august

Planleggingsdagar barnehage 13. og 14. august

Skulestart mandag 17. august

Start barnehageåret 13. august

oktober 2020							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
40			1	2	3	4	
41	5	6	7	8	9	10	11
42	12	13	14	15	16	17	18
43	19	20	21	22	23	24	25
44	26	27	28	29	30	31	

Hautferie for skular 5. - 9. oktober

november 2020							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
44						1	
45	2	3	4	5	6	7	8
46	9	10	11	12	13	14	15
47	16	17	18	19	20	21	22
48	23	24	25	26	27	28	29
49	30						

Elevfri, SFO og barnehagar stengt 6. november

desember 2020							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
49		1	2	3	4	5	6
50	7	8	9	10	11	12	13
51	14	15	16	17	18	19	20
52	21	22	23	24	25	26	27
53	28	29	30	31			

Siste skuledag før juleferien 18. des.

SFO og barnehage open 21.- 23., 28. -30. desember

januar 2021							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
53					1	2	3
1	4	5	6	7	8	9	10
2	11	12	13	14	15	16	17
3	18	19	20	21	22	23	24
4	25	26	27	28	29	30	31

Første skule- og barnehagedag etter  
juleferien 4. januar

februar 2021							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
5	1	2	3	4	5	6	7
6	8	9	10	11	12	13	14
7	15	16	17	18	19	20	21
8	22	23	24	25	26	27	28

Skule, SFO og barnehagar stengt 5. februar

mars 2021							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
9	1	2	3	4	5	6	7
10	8	9	10	11	12	13	14
11	15	16	17	18	19	20	21
12	22	23	24	25	26	27	28
13	29	30	31				

Vinterferie for skule 1.- 5. mars. SFO open

Påskeferie for skule 29. mars - 5. april

SFO og barnehage open 29.-31. mars

(31. mars til kl 12.00)

april 2021							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
13				1	2	3	4
14	5	6	7	8	9	10	11
15	12	13	14	15	16	17	18
16	19	20	21	22	23	24	25
17	26	27	28	29	30		

mai 2021							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
17						1	2
18	3	4	5	6	7	8	9
19	10	11	12	13	14	15	16
20	17	18	19	20	21	22	23
21	24	25	26	27	28	29	30
22	31						

Kr. himmelfartsdag 13. mai

Skule, SFO og barnehagar stengt 14. mai

Nasjonaldag 17. mai

2. pinsedag 24. mai

juni 2021							
Uke	Man	Tir	Ons	Tor	Fre	Lør	Søn
22		1	2	3	4	5	6
23	7	8	9	10	11	12	13
24	14	15	16	17	18	19	20
25	21	22	23	24	25	26	27
26	28	29	30				

Siste skuledag før ferien 22. juni

Siste SFO-dag før ferien 30. juni


**MERKNADER:**  
Oppstart og avslutning av skoleåret kan ikkje endrast lokalt. Planleggingsdagane 6. november og 5. februar er felles for Nordhordlandskommunane. Nordhordland kompetanseregion tilbyr kurs desse dagane.  
Siste skuledag før jul og sommar føer skuleruta.

# MELDINGAR TIL SKULEN

## FRÅVÆRSTELEFON

Dersom ikkje anna er avtalt med kontaktlærer, skal sjukefråvær meldast til skulen sin sjukefråværstelefon så snart som råd, og innan kl. 09.00 same dag. Vi svarar ikkje på anrop og meldingar på fråværstelefonen.

Nummer til fråværstelefonen er 95056653



## MELDINGSBOK

Skulen skal ha meldingar om planlagt fråvær skriftleg i meldebok.

Uforutsette hendingar som gjer at eleven vert vekke delar av skuledagen, som tildømes akutt-time hos lege, kan meldast frå om via telefon til administrasjonen.


Kontaktlærer har høve til å gje fri inntil ein dag. Fråvær utover ein dag skal det søkast om elektronisk. Skjema finn du på heimesida til skulen:

[www.minskole.no/vestbygd.no](http://www.minskole.no/vestbygd.no)



## MELDINGAR TIL SFO

SFO ynskjer meldingar frå heimen på lapp. Lappar kan leverast til lærar, dei vidareformidlar til SFO.



# UTVIKLINGSOMRÅDE

## INKLUDERANDE BARNEHAGE- OG SKULEMILJØ

Dette er eit prosjekt i regi av Utdanningsdirektoratet. Vi skal jobbe saman for å utvikle kompetanse og god praksis internt og på tvers. Målet er å styrke vår kompetanse til å utvikle og oppretthalde gode barnehage- og skulemiljø og å forebygge, avdekke og handtere mobbing/krenkingar



## FAGFORNYINGA



Alle faga har blitt fornya. Den overordna delen beskriv kva verdier og prinsipp opplæringa skal bygge på.

Det elevane lærer skal vere relevant. Elevane skal kunne reflektere, vere kritiske, vere utforskande og vere kreative. Det blir jobba med forståing og det å sjå samanheng i det enkelte fag og mellom faga.

Den nye læreplan er gjeldande frå august 2020.

## LESING/SPRÅK

Lesing og språk er eit satsingsområde for Vestbygd skule og Alver kommune. Ein av våre tilsette er lærarspesialist i leseopp- læring.





# TRYGT OG GODT SKULEMILJØ

## ALLE ELEVAR HAR RETT TIL EIT TRYGT OG GODT SKULEMILJØ SOM FREMJAR HELSE, TRIVSEL OG LÆRING

Skulen har nulltoleranse for krenking som mobbing, vald, diskriminering og trakassering.

Vi jobbar kontinuerleg med

- å skape/fremje eit trygt og godt miljø på skulen
- å førebyggje mobbing og andre krenkingar
- å handtere mobbing og andre krenkingar når det oppstår

Alle dei vaksne på skulen har aktivitetsplikt!

- Plikt til å følgje med
- Plikt til å gripe inn
- Plikt til å varsle
- Plikt til å undersøkje
- Plikt til å setje inn tiltak
- Plikt til å dokumentere

Elevstemma er viktig! Vi tek alltid omsyn til eleven si subjektive oppfatning i skulemiljøsaker. Dersom skulen ikkje følgjer opp, kan elevar/føresette ta kontakt med Fylkesmannen.

<https://www.alver.kommune.no/innhald/skule-og-utdanning/elevvelferd/skulemiljo/>

## Å høyre til

Vondt er av alle andre  
bli trakka på og trengd.  
Men vondare å veta  
at du er utestengd.

Det er så mangt i livet  
du ventar deg og vil.  
Men meir enn det å vera,  
er det å høyre til.

Jan-Magnus Bruheim





Ein trivselsleiar på Vestbygd skule er ein elev frå 4.-7. klasse som er med å bidra til auka aktivitet, betre samhald og eit tryggare skulemiljø.

Trivselsleiarane må vere mobbefrie, venlege og respektfulle. På skulen har trivselsleiarane ansvar for igangsetjing og leiing av leik og aktivitetar i friminutta.



Alle trivselsleiarane er synlege med oransje vestar. Dei leiar aktivitetane og sørger for at alle som vil, får vere med. På jamne møter planlegg og evaluerer trivselsleiarane aktiviteten saman med TL-ansvarleg som er ein vaksen på skulen.

[www.trivselsleder.no](http://www.trivselsleder.no)

# TRIVSELSREGLAR FOR VESTBYGD SKULE

Alle elevar og lærarar har ansvar for eigen og andre sin trivsel på skulen.  
Alle må difor vise omsyn for kvarandre og vere høfleg.

1. Alle har rett til å ha det trygt og godt. Ingen skal bli utsett for krenkjande ord, mobbing, vald eller rasisme.
2. For å lære treng vi arbeidsro. Du skal gjere ditt for å skapa eit godt arbeidsmiljø.
3. Du har ansvar for å ta vare på skulebygningen og halde orden på egne skulesaker.
4. Dersom ikkje noko anna er bestemt er elevane ute i friminutta, og held seg innanfor skuleområdet.
5. Vi kastar snøball berre på oppsett blink.
6. Det er foreldra som avgjer om eleven får lov til å sykle til skulen eller ikkje. Skulen i samarbeid med FAU vil likevel tilrå at du ikkje byrjar før i 5. klasse. Det er uansett viktig å vurdere skulevegen, modning og kor godt ein meistar syklinga. Du må ha hjelm. Ingen sykklar på skuleplassen mellom kl. 08.30-16.30.
7. Snop er ikkje tillate på skulen utan ved særlege høve.
8. Ingen må ha med seg noko som er farleg eller som skapar uro.
9. Skulen har ikkje ansvar for verdigjenstandar som vert stole eller øydelagt.
10. Bruk av tobakk eller rusmiddel på skulen , eller på skulen sine arrangement er ikkje tillate.

Brot på reglane vil føre til:

1. Samtale med lærar/ undervisningsinspektør/ rektor
2. Skulen vil informere foreldre og føresette
3. Når eleven bryt reglane fleire gonger, kan han/ ho bli nøydd til å sitja att på skulen.
4. Ved særlege brot på reglane, kan ein bli bortvist frå undervisninga for enkelt-timar eller for resten av dagen.
5. Ved skadeverk kan eleven/ dei føresette måtte betale for skadeverket med ei øvre grense på kr. 200. Eleven kan også gjere opp for seg med arbeid.
6. Dersom du har med deg mobil på skulen, skal mobilen vere avslått og liggje i sekken i skuletida. Dersom mobilen vert brukt i skuletida, må eleven levere frå seg mobilen. Eleven får mobilen tilbake når skuledagen er slutt.

Tilrådd i SU v/ Vestbygd skule 25. januar 2016

# FORVENTNINGAR TIL HEIMEN – ELEVANE - SKULEN

---

## HEIMEN

- At elevane har ete frukost og har med skulemat
- At elevane kjem presis og opplagte til skulen
- At elevane har med skulesaker, innesko og høvelege klede – etter aktivitet og vêr
- At skriv vert lesne og at skulearbeid vert følgd opp
- Tek kontakt med skulen dersom ein lurar på noko, eller er misfornøgd med noko
- Deltak på foreldremøte og utviklingssamtalar, og les vismavurderingar før utviklingssamtalar
- Kjenner trivselsreglane på skulen, og hjelper eleven til å følgja desse
- Snakkar positivt om skulen og elevane som går der
- Gjer melding om sjukefråvær til meldingstelefon
- Gjer melding om anna fråvær i meldingsbok

## ELEVANE

- Syner respekt for både medelevar og vaksne
- Lyttar til det som blir sagt, og ventar på tur
- Brukar fine ord, er høflege og hjelpsame
- Kjem presis til timane og rettar seg etter reglane på skulen.
- Er utkvilt og opplagt når dei kjem på skulen
- Har ete når ein kjem på skulen
- Tek vare på ting, og gjer skulearbeidet så godt ein kan
- Har med skulesaker som blyant, viskelær og linjal kvar dag
- Gjer vidare informasjon frå skulen til heimen
- Hjelper til med å halda skulen rein og fin, og seier frå til vaksne om noko vert øydelagt
- Seier frå til ein vaksen dersom ein ser at nokon ikkje har det bra

## SKULEN

- Informerer om mål og innhald i undervisninga
- Informerer om rettar og plikter for foreldre og elevar
- Legg tilhøva til rette for godt heim/skule-samarbeid
- Informerer heimen eleven si læring og trivsel
- Tek kontakt dersom det er behov for det
- Tilpassar undervisninga til den einskilde så langt det let seg gjere
- Gjer eleven tilbakemelding på arbeidet
- Har respekt for eleven
- Handsamar elevane likeverdige
- Jobbar aktivt for eit trygt og godt skulemiljø

# INFORMASJON OM SKULEHELSETENESTA

---

Alle skolane i Alver kommune har ein fast helsesjukepleiar. Oppgåvene våre er å følge opp elevens psykososiale helse, i tillegg til å jobbe helsefremmande og sjukdomsførebyggjande. I tillegg skal vi vere ein ressursperson/retteleiar for føresatte og dei tilsette i arbeidet med elevane. Helsesjukepleiar kallar inn enkeltelevar etter behov, tidlegare funn eller avtalar. Føresatte blir informert om dette på førehand.

Elevar og føresatte kan sjølv kontakte helsesjukepleiar på epost eller telefon. Alle elevar har mulighet til å sjølv komme på kontoret vårt for ein samtale via tilbodet me kallar for open dør.

I skulehelsetenesta ynskjer vi å ta tak i problema i ein tidleg fase, då dei gjerne er lettare å løyse då. For å få til dette, er vi avhengig av eit godt samarbeid med føresatte og med skulen. Helsesjukepleiar har og eit nært samarbeid med anna fagpersonell innan helsesektoren. Ved å ta kontakt med helsesjukepleiar kan ein såleis få hjelp

og rettleiing på ein effektiv og rask måte. Helsesjukepleiar har teieplikt og informasjon som føresatte blir ikke formidla vidare til andre instanser utan at føresatte har godkjend det.

Eg, Bente Monstad Olsen, er helsesjukepleiar på Vestbygd skule. I løpet av året vert det undervisning på ulike trinn. Eg er der i utgangspunktet tysdag og onsdag.



Grunna fagdagar, vaksinerings og samtalar med alle førsteklasingane våre, vert det nokon tysdager eg ikkje er tilstades. Det er fint om de har låg terskel for å ta kontakt.

Eg kan kontaktast på:

bente.monstad.olsen@alver.kommune.no

Tlf: 408 15 549

---

# BARNEVERNSTENESTA

---



Alver  
barnevernsteneste

**Samarbeids-  
og nettverks-  
kontakten i  
barnevernstenesta**



**Anne-Lise Albertsen**

Tlf.: 56 37 55 30/  
48 49 72 87

E-post: anne-lise.  
endal.albertsen@  
alver.kommune.no


**Ikkje gå åleine  
med  
bekymringa di!**

**Ring meg om du:**

- o Er usikker på om du skal melde bekymring
  - o Treng drøfte ein situasjon/ bekymring anonymt
  - o Treng rettleiing i den dialogiske barnesamtalen («avdekkande samtale»)
-

# NÅR BARNET SINE FORELDRE IKKJE BUR SAMAN


---



Dersom foreldra til ein elev ikkje har felles foreldreansvar for barnet, har også den av dei biologiske foreldra som ikkje har foreldreansvar, rett til informasjon om barnet sitt.



Dersom foreldra har felles foreldreansvar for barnet, har begge foreldra rett til den same informasjonen om barnet sin skulegang frå skulen si side.



Dersom den av foreldra som barnet ikkje bur hos, ber skulen om å få informasjon direkte til seg sjølv, har skulen plikt til å kome det i møte.



Dersom de som foreldre har felles foreldreansvar, treng du ikkje kontakte skulen kvar gong du ønskjer informasjon. Det er nok at du heilt generelt ber om å få informasjonen.



Dersom skulen ikkje får oppmoding om å gje slik informasjon, treng skulen heller ikkje gi det på eige initiativ.

Høve til å klage: Avslag på krav om informasjon kan det klagast på til Fylkesmannen. Før klagen blir sendt dit, skal den instansen i kommunen som har gitt avslaget, vurdere om det er grunn til å endre det. Dersom vedtaket blir halde ved lag, vil saka bli sendt til Fylkesmannen for klagebehandling.



# SYMJEUNDERVISNING



Det er symjeundervisning på 2., 4., 5. og 7. trinn.

For å ta del i symjeundervisninga treng ein «badehette», symjebukse/drakt og skifte-tøy/handkle.

Alle må dusje med såpe før dei tek på seg badedrakt/bukse. Utstyr ein tek med seg i bassenget (etter avtale med lærar) må være reine.

## REGLAR FOR UNDERVISNING/SIKRING

Elevane må til ei kvart tid halde seg til dei reglane som gjeld for undervisninga i bassenget. Manøvrar som kan vere farlege (t.d. springing på kanten, stuping, ta salto, halde andre undervatn osv.) og kan medføre skade på seg sjølv eller andre, er brot på desse.

Elles gjeld skulen sine ordens- og åtferdsreglar også både under transport til og frå bassenget, i garderobane og i bassenget.

Alle skal kjenne seg trygge!

## SKULEMJØLK OG SKULEFRUKT

Ein kan bestille og betale direkte hos <https://www.skolelyst.no/>

Det er FAU og administrasjonen som bestemmer kva for sort ein kan bestille på skulen vår.

### DETTE KAN EIN BESTILLE

- Rosa lettmjølk 1%
- Blå lettmjølk 0,5%
- Eple fruktdrikk
- Appelsindrikk
- Smoothie
- Vaniljeyoghurt
- Havregrøt



Grunna auka hygienetiltak i samband med Korona, vert det ikkje mogeleg å bestille frukt no. Til vanleg kan ein bestille frukt direkte hos «Skolefrukt»

<https://skolefruktsys.no/Login.aspx?ReturnUrl=%2f>





# SKULEBUSS TIL OG FRÅ VESTBYGD SKULE



## Start kl. 08:30 alle dager

344 Meland sør kl. 08:00 – Smugleitet – Vestbygd skule kl. 08:20

344 Leirvik kryss kl. 08:15 – Vestbygd skule kl. 08:23

340 Frekhaug kl. 08:10 – Vestbygd skule kl. 08:17

## Slutt kl. 12:45 mandag, torsdag og fredag

340 Vestbygd skule kl. 12:53 – Hjertås kl. 12:55

340 Vestbygd skule kl. 13:18 – Frekhaug kl. 13:28

344 Vestbygd skule kl. 12:55 – Meland – Smugleitet – Leirvik kryss kl. 13:15

## Slutt kl. 14:15 tirsdag, onsdag, torsdag og fredag.

344 Vestbygd skule kl. 14:25 – Meland – Smugleitet – Leirvik kryss kl. 14:45

340 Vestbygd skule kl. 14:26 – Hjertås kl. 14:28

340 Vestbygd skule kl. 14:25 – Mjåtveitflaten kl. 14:31



# RÅD OG ORGAN VED SKULEN

---

## FORELDRERÅD OG FAU

Alle foreldre som har barn på grunnskolen er automatisk medlem av foreldrerådet. Foreldrerådet vel eit foreldrearbeidsutvalg (FAU). Dette er eit styre for foreldrerådet.



## VEDTEKTER FOR FAU VESTBYGD SKULE

**§ 1- Foreldrerådet FAU** er heimla i Opplæringslova § 11-4 Alle foreldre som har barn ved skulen, er medlemmar av foreldrerådet. Foreldrerådet skal arbeide for å skape godt samhald mellom heim og skule, leggje til rette for trivsel og positiv utvikling hos elevane og skape kontakt mellom skulen og lokalsamfunnet. Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU) er foreldrerådets styre og har fullmakter deretter.

**§ 2 - Foreldrerådets arbeidsutvalg (FAU)** Foreldrerådet sitt arbeidsutval (FAU) er et arbeidsutval valt av foreldrerådet og er det utøvande organet for foreldrerådet. FAU er bindeleddet mellom foreldra og skulen. FAU skal sikre reell medverknad for foreldre, og ha medansvar for at læringsmiljøet til elevane er trygt og godt.

**§ 3 - Valg og konstituering** Foreldremøte for kvar klasse har ansvar for å velja representant for klassen i FAU med personleg varamann.

- 1. klasse vel representant og vara for eitt år på informasjonsmøte for 1.klasse før skulestart.

- 2. klasse vel representant og vara for to år på siste foreldremøte i 1.kl.
- 4. klasse vel representant og vara for to år på siste foreldremøte i 3.kl.
- 6. klasse vel representant og vara for to år på siste foreldremøte i 5.kl.

FAU konstituerer seg på det første møtet om hausten med leiar, nestleiar, kasserar, sekretær og to representanter til Samarbeidsutvalet ved skulen (SU).

**§4 – Årsmøte** Årsmøte i foreldrerådet skal haldast innan utgangen av skuleåret (juni). Årsmøtet er vedtaksfør dersom frist for innkalling (14 dagar) er overhalden og minst fire medlemmer møter. Agenda på årsmøtet skal vera:

1. Konstituering a. Val av ordstyrar
  - a) Val av protokollunderskrivarar
  - b) Val av referent
2. Godkjenning av innkalling
3. Stadfeste klassevis val av FAU representantar
4. Årsmelding
5. Rekneskap og budsjett
6. Innkomne saker

**§ 5 - Komitear** Det kan veljast underkomitéar for FAU som arbeider med nærare definerte oppgåver eller prosjekt.

**§ 6 - Møte** FAU har møte ca. kvar 6. veke, eller når leiaren, eller minst tre medlemmar, krev det. FAU er vedtaksfør dersom minst 4 av medlemmane er til stades.



## KLASSEKONTAKTAR OG FAU 2020-2021

1.	Per Kristian Holmetun	FAU
1.	Martin Groh	Vara
1.	Gerd Odland	Kl.kont
1.	Silje Lillebø Mortensen	Kl.kont
2.	Maren Bruflot Jensen	FAU
2.	Jane Opdal	Vara
2.	Christine Blindheim Alstad	Kl.kont
2.	Daniel Thomassen	Kl.kont
3.	Tonje Merete B. Hatland	FAU
3.	Michelle M. Meland	Vara
3.	Malin Fossen	Kl.kont
3.	Guro Hopland van der Kooij	Kl.kont
4.	Silje Lussand	FAU
4.	Jeanette Langhelle	Vara
4.	Kine Halseth	Kl.kont
4.	Kristine Storheim	Kl.kont
5.	Margunn Bjørnestad	FAU
5.	Ina (Inger-Karin) Meland	Vara
5.	Malin Fossen	Kl. kont
5.	Cecilie Lillemoen	Kl.kont
6.	Odd Harald Dommersnes	FAU
6.	Marianne Stople	Vara
6.	Ernesta Bogdanovicius	Kl.kont
6.	Jeanett Straumøy	Kl.kont
7.	Thomas Fosse	FAU
7.	Kjartan Dalstø	Vara
7.	Laila Hestdal	Kl. kont
7.	Eva Brakstad	Kl. kont



## SAMARBEIDSUTVAL (SU)

Samarbeidsutvalet (SU) er skulens sitt øvste samarbeidsorgan. Utvalet skal ha to representantar for undervisningspersonalet, ein for andre tilsette, to for foreldrerådet, to for elevane og to for kommunen. Den eine av representantane for kommunen skal vere rektor ved skolen. SU har rett til å uttale seg i alle saker som gjeld skulen.

## SKOLEMILJØUTVALG (SMU)

I SMU finn du som er elev, forelder og skoleleiar svar på spørsmål om rettar og korleis skulemiljøutvalet jobbar.

## MØTEPLAN FAU/SU/SMU

2020/2021	FAU/SU/SMU – møteplan	FAU	SU	SMU
1	Tysdag 29.09.2020	1800-1900	1900-1945	1945-2030
2	Tysdag 27.10.2020	1800-1930		
3	Tysdag 24.11.2020	1800-1930		
4	Tysdag 12.01.2021	1800-1900	1900-1945	1945-2030
5	Tysdag 23.02.2021	1800-1930		
6	Tysdag 23.03.2021	1800-1900	1900-1945	1945-2030
7	Tysdag 27.04.2021	1800-1930		
8	Tysdag 25.05.2021	1800-1930	1900-1945	1945-2030
9	Tysdag 07.09.2021	1800-1930	1900-1945	1945-2030



## ELEVRÅD

På Vestbygd skule er det hemmeleg val i klassane kvar haust der det vert valt ein representant til Elevrådet. Av omsyn til elevane, er det aldri slik at ein seier kor mange stemmer dei ulike elevane har fått. Lærar tek lappar inn på kontoret etter timen, og seier seinare til klassen kven som fekk flest stemmer, og dermed vert klassen sin representant. Den som fekk nest mest stemmer, vert vararepresentant.

Ein prøver å leggje opp til at du kan kun vere med i elevrådet ein gong i løpet av barneskulen. Dette er mellom anna fordi at fleire elevar får då innsikt og erfaring med demokrati og elevmedverknad gjennom arbeidet i elevrådet.



Elevane i 7. klasse går inn som leiar for elevrådet, og får tett oppfølging av kontaktlærar for elevrådet. Her får dei mellom anna trening i å skrive referat frå møta.

Elevane får ta del i elevrådet heilt frå første klasse på Vestbygd skule. Dei yngste er oftast med på delar av møtet.

Elevane frå 4.-7. klasse er med å lage innhald til årshjulet for elevane.

MÅNAD	AKTIVITET
August	<ul style="list-style-type: none"><li>• Val av representantar</li></ul>
September	<ul style="list-style-type: none"><li>• Oppstartsmøte med informasjon og samtale om kva det vil sei å representere klassen sin.</li><li>• Månadens bilete</li></ul>
Oktober	<ul style="list-style-type: none"><li>• Månadens bilete/dikt</li><li>• Møte med saker</li></ul>
November	<ul style="list-style-type: none"><li>• Månadens bilete/dikt</li><li>• Møte med saker</li></ul>
Januar	<ul style="list-style-type: none"><li>• Månadens bilete/dikt</li><li>• Møte med saker</li><li>• Inkluderande skulemiljø, idèmyldring til dramatiseringar av Zerocaser 4.-7.trinn</li></ul>
Februar	<ul style="list-style-type: none"><li>• Månadens bilete/dikt</li><li>• Den fargerike hjartedagen, 14.februar</li></ul>
Mars	<ul style="list-style-type: none"><li>• Inkluderande skulemiljø, Zerocaser, dramatisering av og med representantane frå 4.-7.trinn.</li></ul>
April	<ul style="list-style-type: none"><li>• Månadens bilete/dikt</li><li>• Møte med saker</li></ul>
Mai	<ul style="list-style-type: none"><li>• Månadens bilete/dikt</li><li>• Møte med saker</li></ul>
Juni	<ul style="list-style-type: none"><li>• Vestbygdsцена, der elevane kan melde seg på for innslag på scena ein av dei siste dagane før sommarferien.</li></ul>



## FLYG UT!

Flyg ut i verda,  
flyg høgt, kjenn deg fri.  
Ta med i hjartet  
eit eg og eit vi.

Flyg ut i verda,  
åleine, i flokk.  
Vêr den du er,  
hugs, det held, det er nok.

Flyg ut i verda,  
vi ønskjer du fekk  
tru på deg sjølv,  
nok til langstrakte trekk.

Torill Skarsvåg